



BACHELOROPPGÅVE

Raud storm

Høyanger NKP 1923-1930

av

Klaus Bendik Hjermann

Bacheloroppgåve i historie
SA 523
2011



HØGSKULEN I
SØGN OG FJORDANE

Klaus Bendik Hjermann

**Raud Storm – Høyanger
NKP 1923 - 1930**

Forkortinger

NKP: Norges Kommunistiske Parti

HKF: Høyanger Kommunistiske Foreining

HKIF: Høyanger Kjemiske Industriarbeidarforeining

NKIF: Norsk Kjemisk Industriarbeidarforbund

NACo: A/S Norsk Aluminium Company

RFI: Raude Faglege Internasjonale

CPR: Det Russiske Kommunistparti

ECCI: Sentralkomiteen i Komintern

IAH: Internasjonal Arbeiderhjelp

Innhaldsregister

I Innleiing

Problemstilling	s.4
Metode og Kjelder	s.5
Litteratur og tidligare forsking	s.6

II Hovuddel

Splittinga – ”Bevar den revolusjonære arbeidarklassens kampkraft!”	s.7
Splittinga lokalt og tidlige radikaliseringstendensar i Høyanger	s.8
Lokallaget blir til	s.10
Framtredande personar i Høyanger Kommunistiske Foreining	s.11
Høyanger Kommunistiske Foreining i 1926	s.12
Komintern og NKP	s.13
Kommunistane og HKIF	s.15
Høyangerkommunkstane og Hornsrudregjeringa	s.17
”...[De] motarbeider vårt selskap og arbeidernes interesser”	s.19
Fortsatt aktive - Vegarbeidarkonflikta i 1929	s.21
NKIF-leiinga og kommunistane i open kamp	s.23
Pionerrørsla	s.25
Internasjonal Arbeidarhjelp	s.25
Alkoholforbodsagitasjon	s.26
Partiarbeid mot arbeidsløyse	s.27
Kommunistisk 1. mai-feiring i Høyanger	s.27
III Konklusjon	s.29
IV Litteraturliste	s.30

Problemstilling

”Den pludselige oprykking av et gammelt bondesamfund, nydannelsen av industricenter ved de elektriske kraftanleggene har frembragt en arbeiderklasse aapnere for revolutionær tankegang end de øldre, langsommere voksende arbeiderklassene i nabolændene.”¹

Orda ovanfor er Edvard Bull sine, den tidlig radikale sosialisten som i ein artikkel frå 1922 ville forsøke å forklare kvifor Fagopposisjonen og den bolsjevikinspirerte radikalismen fekk så sterkt feste i store delar av den norske arbeidarklassen i forhold til nabolanda. Og Bull sin artikkel dreg fort kjensla til Høyanger, der dei første ”sluskane”, ”rallarane” og anleggsarbeidarane som kom til staden frå 1916 og utover skulle danne grunnlaget for ei opposisjonell fagrørsle, med tidvis sterke band og kjensler til staten Lenin etablerte i aust seinhaustes 1917. Kva var så spesielt med elektrokjemisk, spør Finn Olstad seg i første bind av LOs historie som handlar om perioden 1899 – 1935. Bedriftene etablerte seg utanfor allfarveg og opp voks det fullstendig nye bygdesenter der det fanst rikeleg med vasskraft å utnytte. Arbeidrarar kom og drog, ofte utan særlege forpliktelsar knytt til familie og arbeidsstad, men like ofte med erfaring med fagorganisering og radikalisme frå naboland og andre stadar i Noreg. Sjølv om det kom radikalarar utanifrå skulle det vise seg at fleire av dei mest framståande kommunistane i Høyanger framover var lokale namn og småbrukarar.

I 1900 budde det 121 menneske i Høyangfjorden. I 1910 hadde talet stege til 124.

Amerikaemigrasjonen hadde likevel redusert folketalet frå midten av førre århundre, I 1865 var folketalet i Høyangfjorden 143.² Dei fleste levde av jorda. Vatnet som strauma ned langs fjellveggane stod mest uregulert. Nabobygda Vadheim fekk rett nok fått ein elektrokjemisk fabrikk I 1907, som sysselsette omlag 60 menneske. Det var først i 1916 at Høyangfjorden skulle bli gjenstand for eit yrande folkeliv som følgje av det nystarta anleggsarbeidet. Det var og i 1916 at Høyanger offisielt fekk namnet Høyanger. Anleggsarbeidet med oppbygginga av det som skulle bli A/S Norsk Aliminiums Company (NACO) sitt smelteverk i Høyanger var i full gang.

Mi problemstilling kan lyde slik: Kva karakteriserer høyangerkommunistane og den kommunistiske organisasjonsverksemda i Høyanger i perioden 1924 – 1930? Kva saker var

¹ sitert etter Olstad, 2009: 185

² Engesæther, 79: 5

sentrale lokalt, nasjonalt og internasjonalt, korleis stilte Høyangerkommunistane seg til desse sakene og korleis var kommunistane organisert på staden? Kommunalpolitikken, NKP sitt arbeid i heradstyret, er lagt mindre vekt på enn aktiviteten elles i lokalsamfunnet, i fagforeininga og kommunen.

Metode og kjelder

Perioden eg skriv om er kort sett i eit større historisk perspektiv. På same tid inneholder perioden store endringar politisk og økonomisk, endringar som sterkt påverka eit gryande industrisamfunn inst i Høyangfjorden, som var tett knytt opp mot svingingane i dei internasjonale metallmarknadane. Oppgåva er etter beste evne bygd opp kronologisk, noko som har vist seg relativt vanskeleg grunna den korte perioden det blir skreve om og det begrensa kjeldegrunnlaget. Motiv og årsak står sterkt i politisk historiefortelling, og dette blir det lagt sterkt vekt på, meir enn berre kva og når. Ein kan kalle tilnærminga mi til oppgåva kvalitativ, sidan det studerte tidsrommet er så kort, og sidan eg tok for meg berre ein liten del av høyangersamfunnet i denne perioden, og gjekk i djubda på denne delen.

Eg har lagt vekt på skriftlege kjelder i arbeidet med oppgåva, i hovudsak primærkjelder men med ein god del sekundærkjeldeverk som har gitt meg både detaljkunnskapar og breiddesyn på den økonomiske og politiske utviklinga på staden.³ Mykje av primærkjeldegrunnlaget har vore prega av ytterleggåande politisk slagside. Eg har som hovudkjelder to avisar, "Fritt Folk" og "Arbeidet", som begge var kommunistaviser, lokalisiert høvesvis i Høyanger og Bergen. Den tidligare litteraturen om perioden i Høyanger har forhåpentlegvis fungert som ei nøytral motvekt til desse. Nokre av sekundærkjeldene har også hatt ei politisk slagside, kanskje særlig HKIFs jubileumsverk frå 1946. Les ein med eit kritisk auge og med solid kunnskap om politiske og økonomiske kampar i perioden lokalt, nasjonalt og internasjonalt fungerer NKP-avisene likevel som verdifulle historiske dokument. I tillegg er avisene ofte den einaste kjelda til kunnskap om innehavarar av politiske verv og andre organisasjonsverv i perioden. Det meste av den interne partidokumentasjonen i Høyanger Kommunistiske Forening før krigen har blitt øydelagt eller mista.⁴ I samtale med Einar Rysjedal har eg fått verdifull innsikt i NKPs virke før, under og etter perioden. Rysjedal, som sjølv er lokalisiert i Høyanger, har i fleire år jobba med NKP sin historie på staden, og tar sikte på å dekke heile perioden

³ Sjå neste kapittel

⁴ sjå neste kapittel

lokallaget/bedriftscella eksisterte. Rysjedal har samla eit breitt spekter av kjeldemateriale og sit på ein del verdifull informasjon som har vore vanskeleg for meg å få tak i. Kunnskapen hans hjelpte meg med å få ei meir heilskaplig og dekkande oversikt over kommunistane virke i Høyanger på 20-talet, og han har hjelpt med å fylle i mange av dei historiske holromma som har dukka opp. Han har motivert meg til å få ferdig oppgåva og gitt gode tips om kva eg bør leite etter og kor eg bør leite.

Litteratur og tidlegare forsking

Ikkje mykje er blitt skreve om kommunistane i Høyanger i mellomkrigstida, mykje på grunn av at arkiva forsvann under krigen. Noko av partiarkiva til arbeidarpartia i Høyanger skal ha blitt gøymd og bevart, men dette gjeld i følgje Fylkesarkivet hovudsakleg Arbeidarpartiet. Fagforeningsarkiva har derimot blitt godt bevarte, og detaljerte og gjennomførde verk finst om fagrørsla i Høyanger i mellomkrigstida. Kommunistaktiviteten i Høyangfjorden er naturleg nok tett knytt opp mot fagrørsla på staden. Kjell Jarle Høyheim si hovudoppgåve frå 1981 om fagrørsla i Høyanger mellom 1916 og 1930 har vore til stor hjelp i oppgåva. Høyheim kjem m.a. med verdifull informasjon om styrkeforhold mellom kommunistar og sosialdemokratar i Høyanger Kjemiske Industriarbeiderforening (HKIF) og i heradstyret, og gnissingar og samarbeid mellom desse grupperingane. Det same gjeld Martin Byrkjelands si fagforeningshistorie om arbeidarane og fagleg arbeid ved verket i perioden 1916 – 1986, ”Bluss”. Byrkjeland vil eg påstå skriv meir om forholdet mellom fagforeininga på staden og forbundsleiinga i den aktuelle perioden, og mindre om dei politiske dragkampane innad i foreininga og samfunnet på lokalt nivå. Dette er likevel også interessant, mtp. at kommunistane i HKIF gjerne var dei mest kritiske mot den moderate sosialdemokratiske leiinga i Norsk Kjemisk Industriarbeiderforbund (NKIF). Byrkjelands verk var på bestilling frå HKIF, men delfinansiert også av Høyanger Verk, Høyanger kommune, Fylkeskommunen og Sunndal Kjemiske Fagforeining, i tillegg har det fått støtte av eit nordisk forskingsprosjekt. Slik eg ser det, er det er det vanskeleg å finne noko særleg slagside i Byrkjelands bok, i alle fall ikkje til fordel for kommunistane i perioden eg skriv om.

Nasjonalbiblioteket har bevart på mikrofilm nær alle utgjevingar til NKP-avisa ”Fritt Folk” som var lokalisert i Høyanger i perioden 1924 - 1928, med redaksjonskontor i Folkets Hus. Avisa vart gjeven ut som kommunistavis i perioden 1923 – 1928, vanlegvis med to utgåver i veka, og har vore ei spesielt viktig kjelde i arbeidet med oppgåva. Kanskje like viktig er utgåvene av den Bergen-lokaliserte kommunistavisa ”Arbeidet” som eg har hatt tilgjenge til

på mikrofilm i åra 1923 – 1930. Her var det mykje høyangerstoff og anna aktuell dokumentasjon. Eg har òg brukt ein del generell litteratur om Høyanger i den aktuelle perioden. Blant desse er hovudsakleg ”Smeltedigelen Høyanger” (1990) av Einar Førde, ”Høyanger: utviklinga av industristaden fram til om lag 1945” (1979) av Aage Engesæter. Av generell litteratur om Noregs Kommunistiske Parti (NKP) nasjonalt og den internasjonale bolsjevikiske kommunistrørsla finst det mykje god litteratur på både norsk og engelsk. Særleg har boka ”The Comintern – A history of international communism from Lenin to Stalin” skreve av Kevin McDermott og Jeremy Agnew vore verdifull som oppslagsverk i arbeidet med å analysere endringar hos HKF i samsvar med vedtak og endringar i direktiva som kom frå Komintern. Boka gir eit unikt innblikk i korleis Komintern endra seg etter kvart som stalinismen fekk fotfeste. Som eksempel kan nemnast den intense bolsjeviseringa av dei nasjonale kommunistpartia frå 1924 og utover. Det same gjeld for boka ”International communism and the Communist International, 1919 – 1943” av Tim Reese og Andrew Thorpe. Når det kjem til den nasjonale kommunistrørsla og NKP som organisasjon har særleg boka ”Det er ingen sak å gjøre partiet lite”, skreve av Einar Lorenz vore verdifull som kjelde. Lorenz gir ein detaljert gjennomgang av NKP i mellomkrigstida og vier mykje tid til NKP sin organisasjonsstruktur.

Hovuddel

Splittinga – ”*Bevar den revolusjonære arbeiderklassens kampkraft!*”

Det var på Det Norske Arbeidarpartiet sin partikongress i november 1923 at den djupe kløfta i partiet skulle ende i full splitting. Dei Moskva-tru kommunistane marsjerte ut av salen i Folkets Hus i Oslo etter at fleirtalet på det såkalla November-landsmøtet (det var to landsmøte dette året) de facto hadde vedtatt å melde partiet ut av Komintern. I spissen for utmeldingsvedtaket stod den såkalla Tranmæl-fløyen. Martin Tranmæl var medlem av sentralstyret i partiet og var den tidligare leiarpersonen i *Fagopposisjonen av 1911*, den venstreopposisjonelle fløyen innad i AP. Fagopposisjonen hadde i 1918 hadde vunne fleirtal på landsmøtet for eit forslag om å sidestille det parlamentariske arbeidet med utanomparlamentarisk revolusjonær kamp og oppretting av fleire arbeidar – og soldatråd. Året etter, i 1919 var det nettopp fagopposisjonen med Tranmæl i spissen som fekk partiet innmeldt i Komintern. Dagen etter det skjebnesvandre utmeldingsvedtaket blei Noregs Kommunistiske parti oppretta som den norske fløyen av den Kommunistiske Internasjonale.

Lenins omstridde Moskva-teser hadde vorte spikaren i kista for det som til då hadde vore eit radikalt sameint arbeidarparti. Desse tesene, ei rekke betingelsar nasjonale kommunistparti måtte følgje for å kunne bli tatt opp i den Sovjet-baserte 3. Internasjonale, var nok harde å svelge for dei som søkte å samle arbeidarrørsla mot kapitalismen og arbeidsgivaranes tyranni. På den andre sida var det blant Tranmælføyen ikkje utarbeidd ein klar kampstrategi for maktovertaking, noko som bekymra mange i den norske arbeidarrørsla.⁵ At Bolsjevikane og Komintern hadde ein relativt klar revolusjonær strategi var eit vanleg argument hos sympatisørane.

DNA-fleirtalet hadde godteke tesene då dei først vart beordra av Lenin i 1920, men det hadde på dette tidspunktet danna seg ei sterk sosialdemokratisk, reformistisk fløy i partiet, som igjen skulle føre til splittinga og dannninga av det reformistiske Noregs Socialdemokratiske Arbeiderparti i 1921. No hadde også Tranmælittane fått nok. Tesene hadde blitt så irrelevante og skadelege for den norske arbeidarrørsla, meinte dei, at ein fortsatt medlemskap i Komintern måtte få negative verknadar. Bl.a. ville Lenins teori om demokratisk sentralisme gjere at det kollektive DNA-medlemskapet i fleire fagforeiningar og foreiningar måtte opphevast slik at partiets elitekadrar sjølv skulle ta styringa over revolusjonen. DNA måtte også ha skifta namn, ettersom ei tese kravde ordet ”kommunistisk” innlemma i partinamnet. Ein hard kamp mot reformistar innad i partiet måtte ha blitt utkjempa for å følgje tesa om eksklusjon av alle reformistiske element innad i rørsla.

Splittinga lokalt og tidlige radikaliseringstendensar i Høyanger

Her i fylket gjekk fleirtalet i fylkeslaget, i motsetning til fleirtalet på November-landsmøtet, inn for fortsatt medlemskap i Komintern og dermed over til NKP ved splittinga, og Høyanger skulle med sine ganske så radikale industriarbeidarar bli eit grunnfjell for vestlandskommunismen, i likskap med Tyssedal og Odda. Likevel var Johan Skjelfjord frå Lærdal (Sogn og Fjordanes representant i landsstyret), betrakta som sentrumsorientert i striden. Skjelfjords kompromissvillige og ettertenksomme rolle i splittingsstriden gjorde at han av Einar Gerhardsen fekk tilnavnet ”den twilende telegrafstyrer”. Skjelfjord var nemleg telegrafstyrer i Lærdal. Men fylkesstyret hadde allereie i byrjinga av månaden tatt stilling for Komintern-linja.⁶ Lorenz (1983) skriv at også kommunistlaget og ungdomslaget i Høyanger

⁵ E-postveksling m/ Einar Rysjedal V2011

⁶ Lorenz, 83: 35

tok stilling for Komintern-linja. Eit element i den lokale splittinga som er verdt å nemne er at Høyanger Kommunistiske Foreining (HKF) hadde oppstartsmøte i februar 1924. Vanlegvis var det nemleg slik at den fraksjonen som hadde fleirtal i lokallaga i striden, fortsette innanfor same organisasjon, anten som lokalavdeling av DNA eller NKP. I Høyanger danna både DNA og NKP nye lokallag i februar 1924. Kvifor den ”gamle” organisasjonen ser ut til å ha blitt oppløyst, er det vanskeleg å sei noko om. Ei kommunistcelle hadde blitt danna på NaCo allereie før Novemberkongressen for å agitere for fortsatt Komintern-medlemskap for DNA.⁷ I fylgje dei nydanna NKParane var det landsmøtefleirtalet, og ikkje dei sjølv, som hadde trekt seg ut av partiet. Dette kjem tydeleg fram i den Komintern-venlege bergensavisa ”Arbeidet” då splittinga var eit faktum, 5. november.⁸

”De 116 repræsentanter paa landsmøtet som viste troskap mot Internasjonalen har etter flertallets uttræden fortsatt partiets landsmøte. De har besluttet som tegn på sin troskap mot Internasjonalen at forandre partiets namn til Norges Kommunistiske Parti (Avd. av den III Internasjonale). Norske arbeiderer! Slutt eder til den Kommunistiske Internasjonales parti!

Bevar den revolusjonære norske arbeiderklasses enhet! Bevar den revolusjonære arbeiderklassens kampkraft!⁹

Mindretalet fortsatte dermed det dei ansåg som det einaste legitime landsmøtet etter at dei hadde marsjert ut av salen. Alle dei tre Sogn og Fjordane-delegatane ved DNA-landsmøtet hadde støtta mindretalet og marsjerte òg ut av salen. Desse var Kristian Modahl frå Vadheim, Karl Fager frå Høyanger og Johan Skjelfjord frå Lærdal.¹⁰ Frå S&F vart nemnde Johan A. Skjelfjord vald som landsstyremedlem for det nye partiet.¹¹ Den tvilande telegrafstyrer Skjelfjord hadde på februarlandsmøtet stemt mot Kominternlinja og i perioden opp mot novemberlandsmøtet stødd ei kompromisslinje, men var no ikkje lenger tvilande.¹² Som ein sidenote kan det nemnast at avisar ”Arbeidet” no konsekvent kom til å vise til fleirtalet på DNA-landsmøtet som ”Tranmæl-gruppen”, ”Nasjonalsosialistene” og ”Nasjonalistene”.

Det er ikkje mykje kjeldemateriale som fortel om høyangerarbeidarane sine sympatiar i desse dagane, men 10. november hadde Høyanger Faglege Samorganisasjon eit møte der

⁷ Byrkjeland, 87: 83

⁸ Etter splittinga blei ”Arbeidet” eit reitt NKP-organ

⁹ ”Arbeidet” 5. nov, 1927

¹⁰ E-postveksling m/ Einar Rysjedal V2011

¹¹ ”Arbeidet” 5. nov, 1927

¹² E-postveksling m/ Einar Rysjedal V2011

partisituasjonen skulle behandlast. Eit klart fleirtal (30 mot 19) gjekk inn for fortsatt medlemskap i Komintern, og det vart på møte samla inn 30 kr. til NKP. Voteringsresultatet viser at oppmøtet ikkje var særleg stort, men som vi ser i åra framover var resultatet kanskje ganske representativt for den øvrige arbeiderbefolkninga i Høyanger-bygda i desse åra.

Lokallaget blir til

Høyanger Kommunistiske Forening blei danna 19. februar, 1924, med 62 registrerte medlemmer. Som formann vart K. Modal valt, kasserar vart K. Fager, styremedlem var Knut Opdahl, Halvdan Moe og F. Rusti. Konstitusjonsmøtet skulle ha foregått i ein atmosfære av ”god stemning og stor iver for å fremme partiets interesser...”¹³

Også fleirtalet i den Lærdal-lokaliserte arbeiderpartiavisa “Fritt Folk” gjekk med NKP-fleirtalet i 1923 og redaksjonslokale og trykkeri blei flytta til Høyanger. NKP dominerte også Høyanger Kjemiske Industriarbeiderforeining (HKIF) fram til ca 1927. Retningslinjer for den reint organisatoriske oppbygginga av partiet vart klargjort sentralt i 1925, etter drøftingar på partiets andre landsmøte mai/juni 1925 og godkjent av organisasjonsbyrået i midten av juni same år.¹⁴ Den demokratiske sentralismen (demokratisk diskusjon internt – einskap eksternt) og jerndisiplin blei fastsett som grunnprinsipp for alle partiets organ. NKP var delt inn i bedriftsceller, kommunistlag, by – krets, og fylkesorganisasjonar og dei sentrale partiorgana. Dette var teorien, i praksis måtte det ein del tilpassingar til for å passe organisasjonen inn i det norske bumönsteret. I Høyanger var det bedriftscelle, kommunistlag, husmorlag, pionérlag (barnelag) og frå 1927 eit ungdomslag (Høyanger Kommunistiske Ungdomslag).¹⁵ Einar Rysjedal¹⁶ meiner bedriftscella styrte det meste i Høyanger. Det var også slik at der det var både bedriftscelle og kommunistlag skulle cella ha fleirtal i styret til laget.¹⁷ I Høyanger utgjorde nok bedriftscella uansett fleirtal i både HKL og herredslaget, og sidan det som skjedde på bedrifta var så styrande for utviklinga elles i lokalsamfunnet og kommunen hadde cella ein spesiell posisjon. Det var også eit såkalla herredslag på staden som organiserte alle NKP-arane i kommunen.¹⁸ Det var organisert forskjellige utval innad i laget (utnemnd av lagstyret) til å ta seg av spesielle oppgåver, slik som var normalt for dei fleste stader med eit

¹³ “Arbeidet”, 21. feb. 1924

¹⁴ Lorenz, 87: 137

¹⁵ Fritt Folk 21.01.1927

¹⁶ Samtale m/ Einar Rysjedal H2010

¹⁷ Lorenz 87: 139

¹⁸ E-postveksling m/ Einar Rysjedal V2011

kommunistlag av ein viss størrelse. Eksempel på dette frå Høyanger er agitasjon - og propagandautval, fagleg utval og kvinneutval. Lorenz meiner at det verken før eller etter 1925 fanst kvinneutval i Sogn og Fjordane sine partiavdelingar.¹⁹ Men i alle fall i 1926 var det eit slikt utval i Høyanger, utpeikt på generalforsamling i HKL det året.²⁰

“Fritt Folk”

Lokallaget i Høyanger gav ut ei avis, “Fritt Folk”. Avisa blei det viktigaste, og einaste, NKP-organet i Sogn og Fjordane fram til avviklinga av avisa i 1928, og blei gjeven ut med omlag to eksemplar i veka i løpet av dei vel fire åra avisa eksisterte som kommunistorgan. Før hadde partiorganet hatt namnet Sogn Socialdemokrat og Sogn og Fjordane Socialdemokrat, lokalisiert først i Lærdal og seinare i Vadheim.²¹

No som arbeidarpartiavisa blei NKP-avis blei redaksjonen og trykkpressa lokalisiert i Folkets Hus i Høyanger. Parti- og moskvalojaliteten var det ingenting å seie på i avisa. Det var HKF som innstilte medlemmar til bladstyret i “Fritt Folk”, og ein del av dei same namna i HKF-styret går att i bladstyret. I 1924 vart Knut Opdahl og Halvdan Moe vald som forretningsførarar, mens bladstyret var samansett av Karl Fager, Knut Opdahl, Knut Zetterberg, Ingvald Norevik og G. Hovland. Dei fleste av desse namna var framtredande i arbeidarrørsla i perioden eg tek for meg, og vil dukke opp fleire gonger.

Framtredande personar i Høyanger Kommunistiske forening

Som nemnt tidlegare var det ofte dei same namna som gjekk att i arbeidarrørsla i Høyanger. NKP-arane var særleg aktive. Konrad Skaar var frå splittinga ein sentral del av det nye kommunistpartiet, og NKP sin fremste talsmann i heradstyret heile tida frå 1922 til 1930, og vararordførar frå 1926. Skaar stod og på NKP si liste til Stortingsvala i 1927 og 1930.²² Halvdan Moe var i lengre tid formann i NKP på staden, og hadde sekretærverv i HKIF i 1927. Knut Opdahl var styremedlem i NKP frå dannninga av laget, men gjekk i 1928 over til DNA. Han var sekretær i HKIF frå samanslåinga av fagforeiningane og fram til 1927. Opdahl vart og i likskap med fleire andre NKParar i 1926 vald som HKIF-representantar til den Faglege

¹⁹ Lorenz 87: 153

²⁰ Sjå eige kapittel om kommunistlaget i 1926

²¹ E-postveksling m/ Einar Rysjedal V2011

²² Høyheim, 81: 101

Distriktorganisasjonens årsmøte. Frå 1926 var han med i Agitasjon og Propaganda-avdelinga av HKF²³. Ingvald Norevik vart i 1926 med i NKP sitt faglege utval på staden. Han var òg nestformann i HKIF frå 1924 til 1928.²⁴ I tillegg var Norevik vald som kaféstyrar i Folkets Hus i 1926.²⁵ Johannes Haugen var sentral i NKP (gjenvald som kasserar i 1926) fram til 1927, då han gjekk til DNA. Han var i tillegg kasserar i HKIF fram til 1926, og var i perioden 1926 – 1930 styremedlem i Samvirkelaget.²⁶ Knut Zetterberg hadde ulike verv i NKP, og var mellom anna styremedlem i Samorg og HKIF på heile 20-talet.²⁷

Kristian Modahl vart som nemnt den første formannen i NKP-lokallaget i Høyanger. Han var og i ei tid redaktør for “Fritt Folk” og representant i heradstyret.²⁸ Petter Pettersen var vara til HKIF-styret i perioden 1928 – 1930. Frå 1926 var han med i Agitprop i NKP og hadde før hatt andre tillitsverv i partiet.²⁹ Sigurd Nesse og Lars Heggenes var begge NKP-representantar i heradstyret frå i alle fall 1925 – 1930.³⁰ Heggenes skilde seg ut ved at han ikkje var fabrikkarbeidar i Høyanger, men småbrukar på Høyanger sørside.³¹

Høyanger Kommunistiske Forening i 1926

Det er vanskeleg å ha oversikt over når og kor ofte det blei halde generalforsamlingar i kommunistlaget i den aktuelle perioden. Fullstendig oversikt over styresamansetjinga har eg berre frå etableringsåret 1924 og 1926. Generalforsamlinga for HKF i 1926 blei halde i Folkets Hus, tysdag 2. februar. Det byrja med ei oppsummering av 1925, som hadde vore eit relativt aktivt foreningsår: 17. medlemsmøte, 15 styremøte, 12 festar og ein kameratfest. Gjenvald som formann vart Halfdan Moe og Johs. Haugen blei nyvald som kasserar. Dei andre i styret var Knut Opdahl, Lars Reisæther og Anders Sterri. Varamenn var: Laurits Nygren, Ingvald Norevik og Olav Moen. I det faglege utvalet sat Opdahl, Haugen, Jacob Jansen, Norevik og Helge Litsheim. I kvinneutvalet blei M. Dahl, fru Moen og fru Evje Moe vald inn. I utvalet for Agit. Prop. (Agitasjon og Propaganda) vart Opdahl, Sterri, Petter Pettersen, Litsheim og Kristoffer Hauge vald inn.³² Fleire av namna går att i dei forskjellige

²³ Fritt Folk, 3. feb. 1926

²⁴ Høyheim, 81: 101

²⁵ Fritt Folk, 15. feb., 1926

²⁶ Høyheim, 81: 102

²⁷ Høyheim, 81: 102

²⁸ Høyheim, 81: 147

²⁹ Fritt Folk, 3. feb. 1926

³⁰ Høyheim 81: 148

³¹ E-postveksling m/ Einar Rysjedal V2011

³² “Fritt Folk”, 3. feb. 1926

utvala, og ein merkar seg fort kven som var dei mest aktive kommunistane. For eksempel kan ein sjå på Folkets Hus' generalforsamling som vart halde ei grov veke seinare. I kaféstyret blei Ingvar Norevik vald inn. Norevik blei også dette året vald som formann i elektrodegruppa i HKIF. I eit HKIF-møte litt seinare vart det nesten utan unntak vald kommunistar som representantar til distriktsorganisasjonens årsmøte: Opdahl, Litsheim, Haugen og Jansen.³³ Også i styret i HKIF hadde communistane fleirtal fram til 1928, då dei nær vart utradert frå styret, noko eg kjem tilbake til i kapitlet om HKIF og communistane. Medlemskap i NKP betydde ofte noko meir enn eit medlemskort og ei årleg kontigentinnbetaling. Det vart krevd at ein skulle stå på for saka, og utrøyteleg agitere og jobbe for det endeleg målet, verdskommunismen. Dette aktivitetsnivået kjem godt fram når ein ser på antal verv i lokalsamfunnet som dei relativt få communistane hadde.

Komintern og NKP

Komintern var verdsportiet, elitekommunistane som skulle styre arbeidarklassen til revolusjon i alle land. Dette kravde blind lojalitet hos dei nasjonale communistpartia og jernhard einskap hos leiinga i alle land og i Kominterns utøvande komité (ECCI). Korleis vart communistane inst i Høyangfjorden påverka av Moskva? Var einsrettinga og lojaliteten like absolutt som for eksempel i Storbritannia, USA og Sverige? Eg vil her prøve å sjå nærmere på dei sentrale vedtaka i ECCI og korleis desse påverka styrkeforhold til communistane i Høyanger og korleis dei holdningane hos HKF blei forma i forhold til ECCIs vedtak og retningslinjer. Det er ingen tvil om at dei fleste nasjonale communistparti stort sett var lojale mot Komintern, på godt og vondt. Komintern, eller den 3. Internasjonalen, vart danna i Moskva i mars 1919 av ei gruppe på 51 menn og kvinner. Hos desse låg det ingen tvil i spørsmålet om den nært føreståande revolusjonen på marxisme-leninismens grunnlag. Den var like om hjørnet. Dette var altså før Politbyrået i Kreml utarbeida teorien om kapitalismens relative stabilisering, som skulle prege rørsla fram til om lag 1928. I dei første åra under Lenin var Komintern i grove trekk ei reell verdsrevolusjonær rørsle, der 'arbeidarstaten' Sovjet skulle fungere som ei hjelpende hand for å gjennomføre revolusjonen i dei kapitalistiske vesteuropeiske landa. Då den bolsjevikinspirerte "Spartakistrevolusjonen" i Tyskland i 1918-19 feila, vart dette av Kreml sett på som eit resultat av manglende disiplin og bolsjevikisk einskap hos dei revolusjonære. Dette blei gjerne brukt som argument for den intense boljseviseringa av Komintern som følgde i åra etterpå.

³³ Ein femtemann vart vald inn, men finn ikkje ut om han var communist eller ei.

Før Kominterns andre kongress, halde mellom 19. juli og 7. august 1920, hadde spørsmålet om strukturen og ideologien bak dei nasjonale kommunistpartia vore diskutert lenge. Skulle dei nasjonale kommunistpartia i sentral – og vest – Europa adoptere bolsjevismens jerndisiplin og sentraliserte struktur? Eller kunne dei meir ”siviliserte” vesteuropeiske landa gjennomføre ein meir human og kanskje demokratisk revolusjon? Alle illusjonar om dette skulle bli vaska vekk då Lenins og Kominterns ”21 teser” blei vedtatt på den Kommunistiske Internasjonalens andre kongress i 1920. Dei kommunistiske partias adopsjon av desse tesane sikra bolsjevikisk hegemoni over Komintern.³⁴

McDermott og Agnew reknar Kominterns bolsjeviseringsprosess for verkeleg å sette fart i 1924. Oktoberoppstanden i Tyskland i 1923 hadde feila stort og partikampen innad i CPR desillusjonerte Sovjetrussland. I tillegg til dette vart det klart at den europeiske kapitalismen på mange måtar var på veg til å stabilisere seg og den revolusjonære perioden rundt 20-talet dabba på mange måtar av. Ein liten konjunkturoppgang etter etterkrigskrisa medverka nok til dette. Sovjetunionen var isolert som den einaste bolsjevikiske staten i verda. Perioden 1924 – 1928 var prega av eit Komintern som flytte seg frå venstre til høgre og tilbake igjen, med store svingingar i retningslinjer og vedtak. Alt dette var prega av endringar innad i Russlands Kommunistiske parti (CPR), og Stalin skulle innan 1928 ha gjort Komintern til ein integrert del av sitt eige utanrikspolitiske maktpel. Med bolsjevisering av Komintern meiner McDermott/Agnew (1997) ”...a trend towards Russian dominance of the Comintern and its member sections, a trend reflected in the ’Russification’ of the ideological and organisational structures of the communist parties” og innføring av leninistiske prinsipp i eigne organisasjonar, særleg ”...party unity, discipline and democratic centralism”. Dei definerer bolsjeviseringen meir konkret som ”...concentration of power in the hand of The Russian delegation to the ECCI.” Makta låg altså hos den russiske delegasjonen i ECCI, men enklare er det å seie at Stalin etterkvart gjorde alle viktigare vedtak. Ingen russiske Komintern-delegatar unngjekk å rådføre seg med ”Folkets leiar” i Stalins terrorstat.

Lorenz (1987) meinar at NKP aldri var i nærheita av å bli bolsjevisert og einskapleg monolittisk, men at det tvert om var vanleg hos perifere partiavdelingar å opponere og å ignorere retningslinjer vedtatt sentralt og i Komintern. Ein sterk føderalistisk arv meiner Lorenz bidrog til dette. Sjølv har eg for eksempel gjennom ”Fritt Folk”s årgangar vanskeleg for å spore ulydighet og eigenrådigheit i forhold til Komintern og dei sentrale partiorgana

³⁴ McDermott/Agnew, 97: 18 -19

(det var ofte gjennom dei lokale kommunistorgana at Komintern-direktiv og organisatoriske retningslinjer vart formidla til enkeltmedlem og mindre lokallag/bedriftsceller). Dette betyr likevel ikkje at partiavdelinga i praksis ikkje var sjølvstendig i Høyanger, for eksempel i forhold til organisatoriske retningslinjer. Det blir uansett for det meste spekulasjonar.

Kommunistane og HKIF

Kommunistarbeidet i Høyanger var som allereie nemnt tett knytt opp mot fagforeningsarbeidet, og kommunistane hadde lenge overtaket innan fagrørsla. Og det er med ein slik innfallsvinkel ein bør studere kommunistane i Høyanger på 20-talet. Sjølv om kommunist-valoppslutninga aldri overgjekk Ap i heradet, så gav aktivismen og organisasjonsarbeidet til kommunistane stor innflytelse på verket og i lokalsamfunnet. Her hjalp sjølvsagt “Fritt Folk” til, som einaste arbeidaravis i fylket og einaste avis i Kyrkjebø på denne tida. Etter at alle fagforeiningane på staden vart slått saman til HKIF skulle NKP-arbeidarar frå fyrste stund vere sterkt tilstades i styret. I det første styret i 1924 hadde DNA eit overtag med 4 representantar inne, mot NKPs eine og to uavhengige. Sjølv om NKP ikkje fekk ordentleg innhogg i HKIF før dei neste åra, gjekk HKIF allereie i 1924 inn for fullt medlemskap i Raude faglege Internasjonale (RFI) for Landsorganisasjonen.³⁵ Den internasjonale fagforeiningssamslutninga RFI var i praksis styrt frå Moskva. I dei to styrevala i 1925 fekk NKP fleirtal i foreininga, med høvesvis fem og seks representantar inne, mot DNA sine to. På haustgeneralforsamlinga kom det òg inn ein partiuavhengig. I 1926 var talet på kommunistar i styret seks mot DNA sine to, og fleirtalet til kommunistane blei styrka ytterlegare i 1927 då dei fekk heile sju styrerrepresentantar og berre ein var arbeidarpertimann.³⁶ I 1928 vippa det nye styret i favør DNA, med styrkeforholdet fem mot tre. Men var dette maktskiftet tilfeldig? Mykje tyder på det motsatte. På Høyanger Arbeiderparti vedtok styret ”næsten enstemmig...at vi erobrer styret i fagforeningen”³⁷, som her betydde å få kommunistane kasta ut. Etter det Fritt Folk kallar ”...ganske omfattende fraksjonsarbeide, særlig fra arbeiderpartiets side”³⁸ i forkant av HKIF sitt årsmøte det same året fekk altså Arbeidarpartiet fleirtal i styret. NKP sat likevel på viktige styreverv i HKIF: Knut Opdahl var formann, Ingvald Norevik nestformann og Bertil Svedal kasserar.³⁹

³⁵ Høyheim, 81: 123

³⁶ Høyheim, 81: 144-45

³⁷ E-postveksling m/ Einar Rysjedal V2011

³⁸ Fritt Folk 21.01.1927

³⁹ E-postveksling m/ Einar Rysjedal V2011

I 1929 og 1930 hadde DNA solid fleirtal over kommunistane i HKIF-styret, 7 -1 i begge år. I styrevala i '29 og '30 nådde likevel kommunistane ”nesten” opp. Det vil altså seie at dei gjerne tapte dei forskjellige styreseta med eit knapt mindretal og ikkje med eit valskred, som ein kanskje vil tru om ein berre ser på partifordelinga hos styremedlemma. Likevel forsvann altså NKP nesten heilt frå dei høge verva i HKIF mot slutten av 20-talet. Noko av dette kan nok forklaraast med Kominterns utsending av Strasbourg-tesene i 1928 og den nye sosialfascisme-teorien. Desse sa at kommunistparti tilknytta Komintern måtte rette skytset mot sosialdemokratiske parti like hardt som mot borgarlege parti. Sosialdemokratiske parti var fascistar i fåreklede som brukte arbeidarretorikk for å vinne arbeidarklassens stemmer, men som eigentleg ville innføre eit borgarleg tyrrani om dei vann fleirtal hos massane. Ved første utkast kan ein slik teori høyres paranoid ut. Men teorien drog inspirasjon frå bl.a. Tyskland, der styrande sosialdemokratar ved fleire høve hadde sendt politiet på streikande arbeidarar og slått ned på revolusjonære opprør. Slike døme såg ein óg frå England.

Komintern såg og for seg ei kommande krise i kapitalismen og meinte med dette at retorikken og klassekampen måtte skjerpast. Sosialdemokratane ville svikte arbeidarane når tida kom for revolusjonært opprør og måtte derfor demoniserast på lik linje med borgarlege parti. Ei slik linje måtte vere dømt til å feile, men igjen ser vi ikkje teikn til illojalitet mot Moskva hos høyangerkommunistane. Vi såg med krakket i 1929 og dei påfølgjande harde 30-åra med massearbeidsløyse, masseinflasjon (og stadvis alvorlig deflasjon) og aukande forskjellar at det nettopp kom ei systemisk krise i kapitalismen. Fleire sosialdemokratiske parti kom til makta i uåra, mellom anna i Sverige (1932), Norge (1936) og Storbritannia (1929). Det vart inga revolusjonær oppstand med sosialdemokratane i maktposisjon, men snarare ei gradvis innføring av keynesianske motkonjunkturpolitikk med progressiv beskatning, velferdsordningar og statlig prisregulering og investering i økonomien.

“Fritt Folk” fekk no ei redaksjonell linje som er kompromisslaus i sine angrep på DNA og brukte ein retorikk som nok fekk mange arbeidarar til å undre seg over korleis NKP kunne gå inn for ei slik aggressiv splitting av rørsla. Strasbourgartesene tilsa óg at uorganiserte skulle jamstillast med fagorganiserte og veljast inn i streikekomitear.⁴⁰ Kanskje det likevel ikkje er så vanskeleg å forstå kvifor kommunistane brått miste overtaket.

⁴⁰ Byrkjeland, 90: 188

Høyangerkommunistane og Hornsrudregjeringa

Stortingsvalet 1927 skulle bli eit bittert nederlag for NKP nasjonalt. Dette gjaldt også i Sogn og Fjordane. På Stortinget mista dei halvparten av dei seks representantane dei hadde hatt i perioden 1923 – 1927. Her i fylket var det berre i Kyrkjebø kommune, altså også i Høyanger at NKP stod nokonlunde stabilt sidan førre val. Det var også ved dette valet at Norges Socialdemokratiske Arbeiderparti (NSA) gjekk inn i eit moderert DNA som gjorde eit brakvalg, og blei det største partiet på tinget med 36,8 % av stemmene.

“Fritt Folk” dreiv i Høyanger flittig valkamp for kommunistane i forkant av valet. Det låg eit sterkt internasjonalt preg over valprogrammet og var på mange måtar like mykje ein brodd mot DNA som mot kapitalen. Punkt 1. i det korte 7-punktsprogrammet som vart trykt flittig i avisene før valet var at Noreg skulle søke mot Sovjet og gå ut av det «kapitalistiske» Folkeförbundet.⁴¹ Marxisme-leninisme-dogmatismen låg tungt over programmet og det blei lagt vekt på at valet var eit ledd i den nær forståande revolusjonen. Likevel hadde programmet fleire praktiske umiddelbare krav som skulle gjennomførast. Tukthuslovene skulle forkastast, det same gjaldt voldsgiftslova. Åttetimarsdagen skulle beskyttast og lovpålagt ferie skulle vedtakast. Ein progressiv kapitalskatt skulle innførast på større formuar og offentlege prosjekt skulle bekjempe stigande arbeidsløyse. Fiskarar skulle få statsgaranterte minsteprisar for varene sine og det kommunale sjølvstyret skulle styrkast økonomisk, m.a. ved at staten tok ein større del av fattighjelpskostnadane. Den 20. september vart også Martin Tranmæl sett under angrep i avisene. Tranmæl hadde vore på valforedrag i Høyanger fredagen før og hadde på spørsmål om opprettinga av bonde – og arbeidarvern som følge av avvæpninga ledd påstanden bort som utopisk. “Fritt Folk” var nær rysta over at det Tranmæl og DNA agiterte for var ei rein avvæpning, utan opprettinga av demokratiske væpna arbeidar – og bondestyrte militsar slik kommunistane agiterte for. Vi ser også her at NKP nesten blir parodiske i sine angrep på DNA før valet, der det nærmest på kvar side er sett av spalteplass til angrep på det grusomme sosialdemokratiet og deira revisjonisme, med tyrannen Tranmæl i spissen. Heile valkampen framstår i “Fritt Folk” som ein åpen krig mellom dei to arbeidarlistene.

Listesamling for alle tre partia (NSA, DNA og NKP) hadde stranda før valet, i hovudsak grunna staheita og den ideologiske dogmatismen hos NKP, men også grunna arroganse og nedlatenheit hos DNA. Det vart altså til ei noko meir moderat listesamling mellom

⁴¹ Sovjet blei sjølv medlem av forbundet i 1934

«revisjonistane» i DNA og NSA. Til denne historia hører med mykje dramatikk under NSA og DNAs samlingskongress då NKP på si side hadde iscenesett ein kommunistisk samlingskongress som tok sikte på å komme inn i DNA/NSA-kongressen. Dei vart nekta inngang på samlingskongressen men danna ein eigen valsamling med NKP, diverse fagforeiningar og ei rekke uavhengige sosialistar. Denne samlinga vart kalla Arbeiderklassens Samlingsparti. HKIF, som støtta Arbeidarklassens Samlingsparti sendte Knut Opdahl og Halvdan Moe som utsendingar til samlingskongressen og frå HKL sitt kvinnelag drog Kari Moen.⁴²

Kanskje det sterkeste angrepet mot kapitalen og deira ”medløparar” sosialdemokratane ser vi i framsideartikkelen i ”Fritt Folk” «Klassekamp og valgkamp», 4. oktober, 13 dagar før valet. Her blir også kampen mot krig og skatteplyndring trekt fram som ledd i klassekampen. Alle dei sju «dagsaktuelle» punkta blei gjentatt i utgåvene fram til valet og avisar går i djubda i kvart punkt.

Den første utgåva etter at valresultatet var nokonlunde klart, 18. oktober, var ei sørmodig utgåve av den elles livlige kommunistavisa. Som nemnt hadde partiet gått tilbake i alle herad i fylket utanom Kyrkjebø, og skylda for det därlege valresultatet blir naturlig nok lagt på «skremmelsagitasjon» frå DNA og dei andre borgarlege partia. DNA fikk her ei lågmelt oppmoding om å få klassen «ut av uføret».⁴³

Den 25. januar meldte ”Fritt Folk” at DNAs parlamentariske leiar Alfred Madsen har vore hos kongen og sagt at DNA var villig til å danne regjering. Dette spørsmålet hadde vore diskutert hyppig hos høyangerkommunistane i tida etter valet. Ville det vere noko poeng for det til dels revolusjonære DNA å danne regjering med mindretal på tinget? Dersom DNA kom med ei radikal regjeringsfråsegn, som følgde den linja partiet hadde agitert for i valkampen, var det vel klart at det måtte komme ei rask mistillitserkæring frå Stortinget?

I Høyanger var det hos kommunistane, som elles i landet, uklart kva DNA håpa på å gjennomføre gjennom å danne regjering. ”Fritt Folk” konkluderte vigt med at sentralstyrevetaket i DNA om å danne regjering må ha kome som eit resultat av at dei som stemde på DNA trass alt forventa og ønska dette. Skadefryden er på ein måte til å ta og kjenne på når ”Fritt Folk”s profetiar viser seg å vere sanne. DNAs regjeringsfråsegn var radikal,

⁴² E-postveksling m/ Einar Rysjedal V2011

⁴³ Fritt Folk, 18. okt., 1927

mistillitsforslag blei fremma og regjeringa fall. Ein kronikk i “Fritt Folk” 10. februar 1928 då det allereie var klart at regjeringa hadde falle, legg ut om at dersom ei radikal regjeringsfråsegn skulle kunne gjennomførast, måtte det vere eit tilsvarande revolusjonært arbeid i arbeidarrørsla sine organisasjonar utanfor Stortinget.

”...[De] motarbeider vårt selskap og arbeidernes interesser”

I 1927 byrja HKIF å få problem med årlege tilbakebetalingsbidrag på Folkets Hus-lånet frå NACO og vende seg til verksleiinga om gjeldsnedskriving. NACO hadde innvendingar. I eit svar på HKIFs førespurnad skreiv NACO at deira støtte til Folkets Hus gjekk til ei avis som ”motarbeider vårt selskap og arbeidernes interesser” og at dei ville gå med på ei nedskriving av gjeld når det hadde blitt ”orden i disse saker”.⁴⁴ Generalforsamlinga i Folkets Hus stemde med stort fleirtal for å hive ut ”Fritt Folk”-redaksjonen (57 mot 7). Kommunistane meinte at møtet hadde blitt strekt ut i ein slik grad at kommunistane hadde gått heim.⁴⁵ Men det hjalp lite.

Siste nummer av ”Fritt Folk” kom ut 4. april 1928, og med eit siste åndedrag slo redaksjonen stort opp det dei meinte var DNAs klassevik og samarbeid med kapitalen. Dette skulle for alvor vise sosialdemokratane sitt sanne ansikt, som motstandarar av klassekamp og revolusjon. ”Arbeidet” skreiv på forsideplass allereie 15. februar: ”Skandale i Høyanger. Socialdemokratene selger sig til NACO”. ”Arbeidet” skriv at det var ”Fritt Folk”s kampanje mot det slitsame overtidsarbeidet hos ovnpassarane på verket som gjorde at NACO ville ha dei ut. Kort tid etter at ”Fritt Folk” går inn skriv ”Arbeidet” at ”Fritt Folk” no vil komme jamleg som tosiders-bilag inne i ”Arbeidet” for å dekke lokalstoff frå ”Høyanger og Sogn og Fjordane for øvrig”.⁴⁶ Same avis meiner og å kunne knytte utkastinga tilbake til 1926, då kommunistane mista fleirtalet i Folkets Hus-styret. På leiarplass skriv avisat ”Tranmælittene” har latt bedriftsleiinga har fått ”skalte og valte som de vil”. Bl.a. anna viser avisat til at Kafeen, som og vart ramma av utkasting, hadde like stort budsjettunderskot i 1924 som var tilfelle i slutten av 1927, og meinte med dette å vise at utkastinga av Fritt Folk var politisk motivert ettersom andre delar av Folkets Hus også gjekk därleg.⁴⁷ Ein av dei som får gjennomgå hardast i striden er Johannes Haugen, som i 1927 hadde gått frå NKP til DNA.

⁴⁴ Høyheim, 81

⁴⁵ Høyheim, 81:137-138

⁴⁶ A. 17. april, 1928

⁴⁷ A. 24. april, 1928

Mellom anna blir han 30. april skjelt ut i notar på leiarplass i “Arbeidet” for sitt forsvar for utkastinga. Halfdan Moe, Fritt Folk sin framtredande redaktør i mange år, appellerer i same utgåve av avisa til høyangerarbeidarane om at dei bør teikne abonnement på “Arbeidet” som kompensasjon for tapet av “Fritt Folk”. Utover sommarmånadane legg eg likevel merke til at dekninga av Høyanger og Sogn i “Arbeidet” blir mindre. Lovnaden om at “Fritt Folk” skulle førast vidare som bilag i “Arbeidet” jamleg blir ikkje halden.

Det er med ein viss sentimentalitet ein les desse krassa orda. Dei avsluttar på ein måte ein epoke i Høyanger, som ein fagopposisjonell bastion og revolusjonær smeltedigel. Rett nok var NKP stalinistiske og dei oversåg med overlegg mykje av grusomheitane under Lenin og Stalin. Men arbeidarane i Høyanger var ikkje marxist-leninistar fordi dei var for totalitarisme, masseterror og diktatur, slik Lenin, som vi i dag veit, bygde sin revolusjon etter det bolsjevikiske statskuppet i oktober 1917. Dei var kommunistar fordi dei trudde på eit anna samfunn, bygd på arbeidarrørlas prinsipp om å sette menneskeleg anstendigheit i første rekke. Dei var kommunistar fordi dei meinte at demokratiet burde utvidast til arbeidsplassen og økonomiske beslutningar. Dette var menn og kvinner som trudde at Sovjet, trass i manglar og feil, no var styrd av arbeidarklassen. Røynda, at Sovjets nye regime var blitt eit tyranni under Lenins og seinare Stalins jerngrep, blei avfeia som borgarleg og sosialfascistisk propaganda.

HKIF vedtok med knapt fleirtal (30 – 29) eit krav om å halde ny omkamp i Folkets Hus’ styre.⁴⁸ Ei slik generalforsamling vart halde, men fleirtalet for utkasting stod fast.

Det bør nemnast at nedlegginga av “Fritt Folk” på ingen måte betydde slutten på kommunistisk aktivitet på staden, men grunnmuren var borte. I 1929 og ’30 vart NKParane også som nemnt radert ut av HKIF-styret. I 1930 byrja NKP-cellene på fabrikken å gi ut eit handskrive blad, ”Bluss”. Denne vart gjeven ut fram til 1934 og inneheldt variert materiale: Grovt sett ei blanding av lesarinnlegg frå arbeidarar som uttrykte misnøye med klandreverdige forhold på arbeidsplassen og nasjonale og internasjonale nyhende. Sjølv om angrep på sosialdemokratane utgjorde ein markant del av innhaldet fekk antikrigsaktivisme og motstand mot den japanske, italienske og gryande tyske fascismen og imperialismen også

⁴⁸ Høyheim, 81: 139

mykje spalteplass. I 1930 hadde NKP heller ikkje det solide stemmetalet i Høyanger i stortingsvalet, berre 12,7%, mot DNA sine ca 42%.⁴⁹

Framleis aktive - Vegarbeidarkonflikta i 1929

Vegarbeidarstreiken i Høyanger i 1929 var ei konflikt der kommunistane skulle stå sentralt, som forkjemparar for dei streikande. Dette kjem tydeleg fram særleg i "Arbeidet", der streiken var omtala nær kvar dag under konflikta. I tillegg skulle den leiande kommunisten Konrad Skaar, som var leiar i NKP-grupperinga i heradstyret, stå bunnfast som vegarbeidarane talsmann i kommunalpolitikken.

På grunn av aukande arbeidsløyse i Kyrkjebø utover 20-talet hadde kommunen sett i gang vegarbeid for arbeidsledige. Desse naudarbeidarane var organisert i Arbeidsmannsforbundet, og den kommande konflikta skulle dreie seg om tariffavtalen mellom kommunen og arbeidarane. Dei borgarlege partia meinte opprinneleg at det ikkje var naudsint med ein tariff for arbeidarane, ettersom det var ekstraordinært naudsarbeid det her var snakk om. NKP – og DNA – gruppa i heradstyret var samde om ein tariff, med unntak av eit punkt vedr. Løn under sjukdom. Dette var kommunistane (og to andre DNA-representantar) for medan DNA ynskte å fjerne punktet saman med dei borgarlege. Tariffen som var vedtatt gav ei dagløn på 1,40 kroner, høgare enn tariffen på fabrikken som var på 1,16 kroner dagen. Det var noko misnøye med dette i lokalsamfunnet, og ein debatt om kommunetariffen danna seg i Høyanger Avis. Ein innskrivar meinte at denne løna var altfor høg, og ville bety høgare skattnivå. Dette vart svara på med at sidan usikre arbeidstider for dei kommunale vegarbeidarane ville bety færre arbeidsdagar, ville årsløna bli lik den på fabrikken. HKIF vedtok òg med solid fleirtal tarifforslaget til heradstyret. Men sidan tariffen ikkje hadde fått kvalifisert fleirtal i heradstyret, måtte saka takast opp på ny. Saka vart vedtatt utsett av DNA – gruppa og dei borgarlege partia, noko som ytterlegare tilspissa debatten mellom kommunistane som utan etterhald støtta vegarbeidarane og DNA og dei borgarlege partia. NKP – gruppa kritiserte DNA fordi dei i likskap med dei borgarlege partia meinte at tariffen var for god. Når tariffen igjen skulle opp for votering hadde dei borgarlege parti skifta mening og gjekk heller inn for ein redusert av tariff til same nivå som NACO, altså 1,16 kroner dagen. Dette forslaget vart

⁴⁹ Byrkjeland, 90: 188

vedtatt mot DNA og NKP sine stemmer ved hjelp av ordførar Gunnarskogs si dobbelstemme.⁵⁰

25. oktober 1929 vart det streik, lovlig og med streikebidrag. Kommunistane støtta streiken iherdig, men fekk mager støtte i HKIF. blant anna vart eit forslag om skattestreik nedstemt i foreininga. Seinare vart eit nytt tarifforslag vedtatt i heradstyret, med ei dagløn på 1,30 kroner og eit tillegg som sa at tariffen ikkje var gyldig dersom det var snakk om ekstraordinært arbeid sett i gang av kommunen for å hindre umiddelbar arbeidsløyse. Dette vart ikkje godteke av dei streikande arbeidarane, som meinte at tillegget om tariffens gyldigheit var for utsynleg i sin definisjon av ekstraordinært arbeid. “Arbeidet” skriv 23. november at berre 100 meter av vegen det for tida blei arbeida på ville bli godkjent som ”ordinært arbeid”, og at tariffen derfor i praksis ville være illusorisk.

27. november vart konflikten varmare. ”Arbeidet” kunne melde om streikebryteri i regi av NACO og Socialdemokratane. Knut Opdahl, dåverande formann av HKIF hadde i samarbeid med NACO (som trengde ei vegbane ferdig i forbindelse med verksdrifta) blitt einige om at HKIF-arbeidarar skulle ferdigstille noko av vegarbeidet. I følgje ”Arbeidet” drog Opdahl personleg opp til ein arbeidar og sendt han i arbeid saman med ein annan. ”Arbeidet” skriv:

”...det ser ikke ut at de har de har synderlig lyst på det blokkerte arbeidet de utfører, men ser seg vel unnskyldt siden foreiningens formann går god for arbeidet”.

At NACO ville slå ned på streiken blei sett på som naturleg av høyangerkommunistane. Dersom vegarbeidarane fekk gjennom krava sine, ville kanskje også arbeidarane på verket følgje etter med tilsvarande lønnsauke.⁵¹

Den 29. november bad den Faglege Distriktsorganisasjonen NACO-arbeidarane om å legge ned arbeidet og minna dei på at det var streikebryteri dei bedrev.⁵² Og arbeidet stilna. Det bør bemerkast at kjeldegrunnlaget mitt for utviklinga av konflikta kjem frå ”Arbeidet”.

Konfliktpressedekninga er gjort med klassisk kommunistretorikk, der DNA-leiinga i HKIF og

⁵⁰ Høyheim skriv i hovudoppgåva si at det ikkje er råd å finne kjelder som fortel kvifor den tidligare DNA-mannen Gunnarskog hadde skifta meining og stemde med dei borgarlege partia.

⁵¹ A. 26. nov. 1929

⁵² A. 29. nov. 1929

kommunestyret blir framstil som ”kapitalistlakeiar” som går NACO og dei borgarlege partias ærend.

12. desember vedtok heradstyret eit forslag frå Arbeidsmandsforbundet om at gjeldande framforhandla tariff ikkje skulle gjerast gjeldande når det blei iverksett ekstraordinært arbeid eller kommunen må tilsette fleire arbeidarar som avhjelp frå arbeidsløyse. Tillegget frå det førre forslaget hadde fått ein ny ordlyd som sa at foreininga skulle bli høyrd før det blei bestemt kva som var ekstraordinært arbeid. Vegarbeidarforeininga gjekk òg god for forslaget. arbeidet tok til att 17. desember.⁵³ Vegarbeidarane takka kommunistane for støtta dei hadde motteke gjennom heile streiken, særleg gjennom ”Arbeidet”. I ein uttalelse skreiv foreininga at kommunistane følgde den rette linja då dei danna front mot sosialdemokratanes og dei borgarlege sitt ”angrep” på fagorganiserte.⁵⁴

NKIF-leiinga og kommunistane i open kamp

I 1929 blei det frå Herøya Arbeiderforeining invitert til konferanse i Skien der det skulle diskuterast og vedtakast resolusjonar for fagopposisjonen innad i NKIF, vedr. ”arbeidernes felles kamp mot rasjonaliseringa”.⁵⁵ Det var klart at det var NKP som stod bak konferansen. Martin Byrkjeland (1990) meiner at kommunistane inviterte til konferanse ettersom dei sjølv meinte at ei brei protestbølge spreidde seg i den elektrokjemiske industrien og i tillegg ynskte dei ei radikalisering her grunna Kominterns fokus på EK-industri som ein vital del av klassekampen ettersom den var viktig innan krigsindustri. Konferansen blei ikkje den heilt store hendinga. Kjemiske foreiningar møtte frå Tyssedal, Porsgrunn og Sundløkken, i tillegg til representantar frå Samorg i Bergen, Telemark og Skiensfjord.⁵⁶ Her kan vi merke oss at ikkje ein gang innbydaren, Herøya Arbeiderforeining, deltok. HKIF deltok ikkje og begrunna det med pengevanskars.⁵⁷ Konferansen var prega av Strasbourgertesene, primært at også uorganiserte skulle støttast som eit ledd i klassekampen. HKIF kom med eit kvasst vedtak etter kongressen der dei tok kraftig avstand frå ”de splittelsekongresser NKP sammenkaller”.⁵⁸ Dette vedtaket blei gjort med 35 mot 9 stemmer, som betyr at oppmøte på medlemsmøte var svært lågt, og ein kan spørje seg kor representativt dette vedtaket eigentleg

⁵³ Byrkjeland, 90: 206

⁵⁴ Høyheim, 81: 143 – 144

⁵⁵ Byrkjeland, 90: 193

⁵⁶ Byrkjeland, 90: 193-94

⁵⁷ Byrkjeland, 90

⁵⁸ Byrkjeland, 90, s.194

var for foreininga. Det bør her nemnast at Strasbourgetesane her endå ikkje offisielt var inkorporert i NKP sin politikk, men linjene i vedtaka på konferansen var tydelege.

Også LO-sentralt tok antikommunistiske grep mot slutten av 1929, og med dette følte NKIF-leiinga seg sikre og sterke nok til å gå til aksjon mot opposisjonen i eige forbund. 12. og 13. desember 1929 vedtok NKIFs hovudstyre fleire bestemmelsar. Dei som deltok på Skienkonferansen måtte svare for seg: Dersom dei var einige i RFI sin nye streikestrategi og dersom dei var einige i konferansens vedtak skulle dei vere å rekne som utmeld av forbundet. Dette gjaldt og medlemmar som ikkje hadde delteke på konferansen.⁵⁹ Dette var dristig og forbundsleiinga gjekk såleis ut mot NKP med full tyngde. 18. og 19. februar 1930 blei det i HKIF halde to særskilde møte som skulle diskutere vedtaka frå sentralt. Byrkjeland (1990) beskriv desse møta som ein av dei meir dramatiske i foreininga si historie. Det vart stemt over to resolusjonar, og opposisjonen vann fram. Med 151 mot 141 stemmer vedtok HKIF ein resolusjon som på det sterke protesterte mot ”sosialdemokratiets og reformistenes stadig mere hensynsløse eksklusjons – og splittelsepolitikk”⁶⁰, og gav sin fulle tilslutning til Strasbourgetesane og Skienkonferansen sine vedtak. Det blei også oppfordra til å slutte opp om NKP og Fagopposisjonen. Motforslaget, som tapte med eit knapt fleirtal retta protesten mot Strasbourgetesane og uorganiserte som var ”arbeidsgivernes og kapitalisternes lakeitjenere”. Også HKF hadde eit møte som skulle behandle ”reformistenes eksklusjonspolitikk”, før HKIF hadde sine møte. Eit referat i ”Arbeidet” viser ikkje nøyaktig kva dag møte skal ha vore på, men det må etter alt å tyde ha vore 12. eller 13. februar. 200 personar skal ha møtt opp, noko som var svært bra i ein slik samanheng, også ettersom NKPParane hadde blitt marginalisert i HKIF, Folkets Hus og i heradstyret på denne tida. Halfdan Moe opna møte med eit innlegg om forbundleiingas eksklusjonspolitikk. Då det blei opna for diskusjon, påstod ”Arbeidet” sin referent på staden at DNA-folk hadde organisert sabotasje.⁶¹ Likevel blei det einstemmig vedtatt å sende eit brev til Regjeringa der:

”...Massemøte av arbeidere i Høyanger nedlegger sin skarpeste protest mot forfølgelsen av den revolusjonære ungarske flyktning Barnados Szoldos som er arrestert, syk og nedbrutt og

⁵⁹ Byrkjeland, 90: 196

⁶⁰ Byrkjeland, 90: 196

⁶¹ A, 5.feb, 1930

nu sitter i fengsel samt trues med utkastelse. Vi krever Zsoldos straks løslatt og innvilget asyl.⁶²

Zsoldos blei kasta ut av landet seinare same månad, 25. februar.⁶³ Forbundsleiingas ”eksklusjonspolitikk” enda med å berre ramme tre tillitsvalde i Tyssedal og 4 i Odda.⁶⁴

Desse massemøta tyder på at sjølv om kommunistane sleit med valoppslutning i Høyanger på slutten av 20-talet og byrjinga av 30-talet og var nær utradert av foreningsstyret, fortsatt var ein markant del av lokalpolitikken og fagforeningsverksemda. Dei hadde også ein betre mobiliseringskapasitet enn Arbeidarpartiet når det gjaldt massemøte som dette.

Pionerrørsla

Pionerrørsla var barneorganisasjonen til NKP, danna etter mønster frå masseorganisasjonen i Sovjetunionen, der barna skulle oppdragast til gode kommunistar gjennom kurs, song, dans og mykje anna. Høyanger hadde også ein slik organisasjon. Kjeldegrunnlaget er lite. I 1929 kan ein rekna med at medlemstalet var 45.⁶⁵ ”Arbeidet” hadde av og til lesarbrev frå forskjellige ungar i pionerorganisasjonane rundt om i regionen. Terje på 11 år skriv 10. desember i ”Arbeidet” om nye dansar dei hadde lært og at det i Høyanger Pionerorganisasjon hadde blitt oppretta ei løvsaggruppe på 7 guitar. Pionergruppa i Høyanger hadde møta sine på skulen, der og blant anna speidaren heldt til. Det var ikkje alle som likte at kommunistungane fekk halde sine møte der. Ein dag då pionerane hadde kurs i folkevisedans og signalisering, var det nokre ungar som kasta stein og lagde bråk. Etter dette måtte ein vaksen halde vakt rundt skulebygget når pionerane hadde sine møte.

Pionerane ser ut til å ha hatt ei aktiv møteverksemd, og dei vanlege aktivitetane var song, leik og moro. Vanlege songer var ”Internasjonalen”, ”Gyr i Norden” og ”Sovjets røde armé”.⁶⁶ Av namngitte personar som var aktive i barnerørsla har eg gjennom mine kjelder berre fått tak i eit namn. Maria Buene var sekretær i lokallaget i alle fall i 1930.

⁶² A, 5.mai, 1930

⁶³ A, 26.mai.1930

⁶⁴ Byrkjeland, 90: 198

⁶⁵ A, 10. des. 1929

⁶⁶ Div. møtereferat i ”Arbeidet”-utgåver, des – apr. 1929

Ei anna morosam historie frå høyangerpioneerane var då 30 – 40 av dei hadde vore på tur i fjellet. På veg ned att møtte dei på nokre bondegutar som hadde familie som var medlem i det nær fascistiske Fedrelandslaget. Bondegutane vart i følgje den anonyme pionerreferenten for redde til å passere pioneerane som song Internasjonalen av full hals. Då bondegutane hadde fått samla litt fleire folk, kunne dei endeleg passere pionergruppa og prøvde då å hisse stemninga ved å synge diverse nasjonalsongar. Desse songane skal uansett ha drukna i lyden av 30 – 40 pionerar som song Internasjonalen.⁶⁷

Internasjonal Arbeidarhjelp

Internasjonal Arbeiderhjelp, som tok sikte på å hjelpe revolusjonære, jødar og andre utsette grupper på flukt frå forfølgjing og trakkassering i, stort sett, fascistiske land, fekk etter kvart si eiga avdeling i Høyanger. Organisasjonen var, som så mykje anna av NKP-aktiviteten, ein kominternoppfinning og i all hovudsak Moskva-styrd. IAH vart danna i Høyanger 13. februar 1930, og trass i at oppstartsmøte vart halde ”midt i lønningstiden” var frammøte godt.⁶⁸ Ein del av ungioneerane (sjå eige kapittel) var òg tilstades. Redaktør Jens Galåen frå ”Arbeidet” var foredragshaldar og snakka om IAHs arbeid og kor viktig det var med ein sterk norsk IAH-organisasjon. Det blei meldt inn 20 medlemmer. I styret sat H. Litsheim (formann), Bj. Fossen (kasserar), Sterri (sekretær), J. Hovland (styremedl.), fru Moe (styremedl.) og fru Martha Rørvik (styremedl.).⁶⁹ Etter forslag frå Petter Pettersen kom det 17,90 kroner inn på kronerulling til Sovjetunionens traktorinnsamling.⁷⁰

Alkohol forbodsagitasjon

Kommunistane i Høyanger og elles i landet ser ut til å ha vore gode støttespelarar for alkoholforbodet, noko som også vart via mykje plass i ”Fritt Folk”. 18. januar 1926 hadde ”dispenent” (altså ein direktør av eit slag) Harald Hamre halde foredrag i Folkets hus, eit foredrag ”Fritt Folk” var svært nøgd med. Blant anna kunne ny ”statistikk” vise at det på verdsbasis no var ”6 forbudsmenn for hver antiforbudsmann”.⁷¹ Mottalarane fikk ikkje like smigrande omtale som Hamre. To ”antiforbudsmenn” omtalt i avisar som Eck Nilsen Ihlen og

⁶⁷ A, 30.apr, 1930

⁶⁸ A, 14. feb, 1930

⁶⁹ A, 14. feb, 1930

⁷⁰ Same kjelde

⁷¹ Fritt Folk, 20. jan., 1926

Øren, kom med det avisa kalla ”slitte argumenter om opplysning og personlig frihet”. Påfølgande utgåve av ”Fritt Folk” viar framsida og mykje av bladet til ny forsking som knyttar alkoholforbruk tett opp til sinnsjukdom. Når ein blar gjennom utgåvene, ser ein stadig notisar om forbudsvirkningar i inn – og utland. ”To tredjedeler av fagforeningene anser virkningene heldige” i Finland, etc... Denne agitasjonen for forbod mot alkohol har nok mykje å gjere med dei andre måla til kommunistane. Ein sober og målretta arbeidarklasse måtte til for å vinne den endelige klassekampen.

Partiarbeid mot arbeidsløyse

Sjølv om arbeidslause ikkje var eit stort problem i Høyanger, samanlikna med den nasjonale situasjonen, var det likevel ofte opp i mot ein 30 mann som gjekk arbeidsledige på staden. Ein del meir blei gåande ledige etter at 29-krakket og den påfølgande globale depresjonen fekk aluminiumsprisane til å stupe. Arbeid mot arbeidsløysa opptok kommunistane, både i partigruppa i heradsstyre, i avisa og elles. I avisa blei det halde sterkt fokus på dei ledige og kor viktig det var at kommunen sette i gang med ytterlegare naudsarbeid på vegane rundt om. At slike naudsarbeid også skulle ha verdigkeit og brukbare arbeidsvilkår kjem godt fram i den kommunistiske aktiviteten under vegarbeidarstreiken i 1929.⁷²

Kommunistisk 1. mai-feiring i Høyanger

På 1. mai i 1925 vart det til at det skulle vere to parolar og to talarar sidan foreininga ikkje klarte å samle seg om eit felles tog. I 1927 heldt arbeidpartimannen Gunnar Ousland hovudtalen, medan det i 1928 var kommunisten Reinert Torgersen (Redaktør i NKP-avisa ”Arbeidet” i Bergen).⁷³ Vanlegvis var det felles 1. mai-demonstrasjonstog i Høyanger, med to talarar, eller, som dei første åra etter 1924, ein kommunisttalar det eine året og ein DNA-talar det andre året. I 1929 fall 1. mai midt under ei arbeidskonflikt på Naco. Bedriftsleiingas rapporteringssystem hadde ei stund skapt misnøye blant mange arbeidrarar. Ein streik hadde brote ut 28. april. Streiken blei utløyst av at ein arbeider hadde blitt rapport av ein formann då han gjekk utafor ”veggen” for å drikke vatn. Rapporteringssystemet var slik at dersom ein arbeidar vart rapportert tre gongar var det grunnlag for oppseiing, og no ville dei ha systemet fjerna og rapporten på ”vatndrikkaren” tilbaketrekt.⁷⁴ Så mykje som 1200 menneske hadde

⁷² Sjå eige kapittel

⁷³ Høyheim, 81: 131-133

⁷⁴ Høyheim, 81: 114

møtt opp på hovuddemonstrasjonen.⁷⁵ Leif Foss var kommunistane sin talar dette året. Foss var m.a. fagleg sekretær i NKP og skandinavisk sekretær i Transportarbeidernes internasjonale propagandakomité, ein bolsjevikisk organisasjon.⁷⁶ Talen var i kampens ånd og særleg blei det som vanleg i desse åra snakka mykje om klasseførredarane (les: sosialdemokratane). DNAs talar, Alfred Madsen, blei beskriven som ”tam”.⁷⁷ Arbeidet kom i gang att fort etter kjappe forhandlingar utan særlege vinningar for arbeidarane.

I 1930 samla toget rundt rekna 1000 menneske, og gnissingane mellom arbeidarpartia byrja allereie før oppstarten. Kommunistpioneerane som hadde skaffa seg eiga fana for verdkommunismen, hadde tenkt å gå først i toget. Men dette blei dei nekta av ”1. mai-komiteens socialdemokratiske formann”.⁷⁸ Talar og fest var det seinare i Folkets Hus. ”Arbeidet” sin korrespondent kalla naturleg nok Einar Gerhardsen sin tale for DNA for ”matt”, mens Ingvald Larsens tale fekk stor ros i kommunistavisa. Han prata mest om Internasjonalen og kampen mot sosialfascistane.⁷⁹ Dette ut til å ha vore normalen for ”Arbeidet” sine 1.mai-korrespondentar på staden. Omtrent nøyaktig dei same adjektiva blir brukte for å beskrive sosialdemokratanes 1. mai-talar i åra 1927 – 1930. ”Matt”, ”tam” og ”tarveleg” er gjengangsord som beskrev ”sosialfascistane” sine framføringer.

⁷⁵ A. 3.5.29

⁷⁶ Lorenz, 87: 290

⁷⁷ Same kjelde

⁷⁸ A. 3.5.30

⁷⁹ Same kjelde

Konklusjon

Eg har i denne oppgåva har eg forsøkt å teikne eit breitt bilde av den kommunistiske organisasjonen som vart danna i Høyanger etter splittinga i DNA i 1923, og deira aktivitet i Høyanger fram til 1930. Ut i frå problemstillinga har eg fokusert mykje på det organisatoriske arbeidet i kommunistlaget, og kommunistisk innflytelse i fagforeininga på hjørnestedsbedrifta NACO og elles i lokalsamfunnet. Eg har sett på den lokale kommunistaktiviteten opp mot viktige saker lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Ein del er sjølv sagt utelatt. Eg kunne ha dobla sidetalet på oppgåva ved å gå djupare inn i det kommunistiske arbeidet i heradstyret, men dette er det fokusert mindre på.

Høyanger var ei ung industribygd på 20-talet og kanskje derfor endå meir open for revolusjonære idear enn mange andre industrisamfunn. Dei skarpe frontane som utvikla seg mellom sosialdemokratane og kommunistane nasjonalt og internasjonalt forplanta seg også i Høyanger. I dei første åra etter splittinga i 1923 var det kommunistane som dominerte i Høyanger. Dei dominerte i HKIF og var jamstore med Arbeidarpartiet i lokal oppslutning i både kommune – og stortingsval. Samarbeidet mellom dei to lokale arbeidarpartia var i dei første åra også relativt godt. Etter 1927 vart frontane stadig meir steile. Komintern såg for seg ei komande krise i kapitalismen og følte seg sikre på at sosialdemokratiske leiarar ville svikte arbeidarklassen i ein revolusjonær situasjon. Med Kominterns innføring av Strasbourg-tesane i 28'/29' blei det innførd ein absolutt front mot DNA, som no blei referert til som sosialfascistar. Arbeidarpartiet skulle likestilla med borgarlege parti som ei reaksjonær kraft.

Denne sekterismen innad i arbeidarrørla bidrog nok til at kommunistpartiet mista oppslutning i Høyanger rundt 1927. At DNA og NSA samla seg og at DNA blei meir styringsorientert bidrog nok også til svekkinga av NKP. Men sjølv om NKP i Høyanger mista oppslutning i den offisielle politikken, var dei fortsatt ei formidabel kraft i fagforeningsaktiviteten på NACO og elles i lokalsamfunnet. På massemøte i 1930 kunne kommunistane mobilisere fleire hundre sympatisørar. I HKIF var kommunistane også flinke til å mobilisere til radikale resolusjonar til langt ut på 30-talet. At kommunistavisa Fritt Folk vart kasta ut av Folkets Hus i byrjinga av 1928 hadde nok óg ein del å sei for NKP sin minkande oppslutning i Høyanger. Den fordelen HKL hadde hatt i å kunne kontrollere den einaste avisa på staden kan ikkje undervurderast.

Litteraturliste

Fagrørsla i Høyanger, 1916 – 1930. Kjell Jarle Høyheim. Hovudfagsoppgåve i Historie, Haustsemesteret 1981. Historisk Institutt, Bergen.

Byrkjeland, Martin: Bluss. *Arbeidarar og fagforening ved Høyanger Verk 1916-1986*. 1990.

Høyanger: *Utvikling av industristanden fram til omlag 1945*. Engesæther, Aage. Høyanger kommune/pedagogisk tenestesenter, Sogn og Fjordane Distriktshøgskule.

Høyanger Kjemiske Industriarbeidarforening, 1916 – 1966. Riise, Th. Jubileumsbok for fagforeningas 50-årsdag. Reklametrykk AS, Bergen, 1966.

Høyanger Samvirkelag – 30-årsberetning. Prenta I Sogn Folkeblad, ca 1950.

Smeltdigelen Høyanger, Førde, Einar. Det Norske Samlaget, 1990.

”The Comintern – *A history of international communism from Lenin to Stalin*”, Kevin McDermott og Jeremy Agnew. New York: St. Martin's Press, 1997.

”International communism and the Communist International, 1919 – 1943”, Tim Reese og Andrew Thorpe. Manchester: Manchester University Press, 1998.

”Det er ingen sak å få partiet lite. *NKP 1923–1931*”, Einhart Lorenz, Oslo: Pax, 1983.

Aviser

”Fritt Folk” (Høyanger). Fullstendig samling av avisas utgåver fra 1926 – april 1928. tilgjengeleg v/ Nasjonalbibliotekets depotsamling i Møre og Romsdal.

”Arbeidet” (Bergen). Gjennomgått er avisas utgåver fra hausten 1923 til hausten 1930. Daglege utgåver, tilgjengelege i sin heilskap ved Folkebiblioteket i Bergen sin lokalhistoriske avdeling.

”Høyanger Avis” (Høyanger). Diverse utgåver fra åra 1928 - 1930.

”Bluss” (Høyanger). Diverse utgåver fra åra 1930 – 1934. Tilgjengeleg ved Fylkesarkivet Sogn og Fjordane.

Intervju/Samtale

Samtale og e-postveksling med Einar Rysjedal. Høyanger, haust 2010/vår 2011.